

ER DU MED I BAND, GÅR DU MED EIN DRAUM OM Å SPELE I BAND eller

HAR DU PLANAR OM Å STARTE BAND?



28.-30. august:

BANDSEMINAR / WORKSHOP

Bli med på **ROCK I BROKKE!!** Her vil du få profesjonell instruksjon og rettleiing, du blir kjend med andre som har same interessa som deg sjølv og du får noter og opplegg som du kan jobbe vidare med etterpå. Det vil bli jobba med teknikk, framføring, sceneopptreden og alt anna som vil gjere deg til ein betre musikar og eit meir profitt bandmedlem. **Pluss at det blir ei supersosial helg!**

Topp instruktørar utdanna frå "konsen"/Universitetet i Agder: **Magnus Olav Tveiten**, (gitarist, Rubber Biscuit, In Vain, sjekk YouTube!), **Lars Erik Asp** (trommis, Ground Zero System) og **Frode Hammersland** (bass, spelt med Vidar Busk, Vidar Johnsen (Vamp), Kjartan Salvesen, Idol-turne, Johnny Augland og Per Kristian Otterstad).

Det er ingen avgrensingar med tanke på instrument, alt frå gitaristar til songarar til saksofonistar kan delta - opplegget vil bli skreddersydd etter kven deltakarane er. For å delta på seminaret må du ha spelt/sunge ei stund, men ikkje nødvendigvis i band.



Deltakaravgift: Kr 600

Dette inkluderer: Enkel overnatting, frukost/lunsj/middag. Instruksjon, fri entre og høve til å spele under konsertarrangementa laurdag og sundag.

Kiosk/kafé vil vere opne. Du må ha med deg sovepose og det du treng til overnatting, og eige instrument (der vil vere nokre trommesett på staden). Ta også med minnepenn; du vil få med deg masse noter og opplegg som du kan jobbe med etterpå!

Program

Fredag 28. aug.

Kl 1700-2000: **Innsjekking** (innan kl 2000). Planlegge, rigge, bli kjende. Enkel kveldsmat. Minikonsert med instruktørane.

Laurdag 29. aug.

Kl 1000-1100: Frukost

Kl 1100-1300: Øving og instruksjon

Kl 1300-1345: Mat

Kl 1345-1600: Øving og instruksjon

Kl 1600-1800: Middag, slappe av, starte rigging til konsert.

Kl 1800-1930: Øving/rigging til konsert.

Kl 1900-0000: Opent ungdomsarrangement i teltet, ungdomsskulealder og oppover. Jamming, konsert med FEEL THE AFTERMATH og seminar deltakarane, diskotek.

Blir dette Setesdals største ungdomsarrangement i år??

Sundag 30. aug.

Kl 1000-1100: Frukost

Kl 1100-1400: Øving, førebuingar til konsert, lydprøver

Kl 1400-1500: Lunsj, slappe av

Kl 1400-1500: Lydprøver Erik og Kriss

Kl 1600: Konsert startar, oppvarmingsband

Kl 1700: **ERIK OG KRISS**

Påmeldingsfrist: Så snart som mogleg eller innan 10.august!

Påmeldinga må innehalde følgjande info:

1. Namn
2. Alder
3. Adresse
4. Mobiltelefonnr og e-postadresse
5. Instrument
6. Om du allereie spelar i band
7. Om du vil ha overnatting eller ikkje

Bindande påmelding til torunn.charlotte.lund@valle.kommune.no

KVA ER ROCK I BROKKE?

- Bandseminar, øving med topp instruktørar
- Kveldsarrangement for ungdommar laurdag kl 19, med konsert, jamming, diskotek m.m. Konsert: **FEEL THE AFTERMATH**
- Konsert sundag kl 16, open for alle: Seminarband varmar opp for **ERIK OG KRISS**

Kontaktperson / meir info om arrangementa:

torunn.charlotte.lund@valle.kommune.no
tlf 97 06 15 87

ROCK I BROKKE er støtta av mellom andre Valle folkeakademi, Setesdal regionråd, Valle sparebank, Evje, Bygland og Bykle kommunar m. fl.

Bandseminaret og arrangementet laurdagskvelden er for ungdomsskulealder og oppover, og sjølvstøtt alkoholfrie.